

Kvalitetssikring av kystlynghei i Rogaland 2014



Solbjørg Engen Torvik

Kvalitetssikring av kystlynghei i Rogaland 2014

Ecofact rapport: 440

www.ecofact.no

Referanse til rapporten:	Torvik, S.E. og Søyland, R. 2014 Kvalitetssikring av kystlynghei i Rogaland 2014. Ecofact rapport 440, 28 s.
Nøkkelord:	Kystlynghei, naturbeitemark, gjengroing, artsmangfald, klokkesøte
ISSN:	1891-5450
ISBN:	978-82-8262-438-1
Oppdragsgivar:	Fylkesmannen i Rogaland
Prosjektleder hos Ecofact:	Roy Mangersnes
Samarbeidspartnarar:	
Prosjektmedarbeidarar:	
Kvalitetssikra av:	Roy Mangersnes
Framside:	

www.ecofact.no

INNHold

1 FORORD	1
2 FAKTAARK.....	1
<i>Hattaskardet - Ognedalsåsen</i>	<i>2</i>
<i>Husafjellet.....</i>	<i>5</i>
<i>Kjerdalsfjellet</i>	<i>8</i>
<i>Aust for Kjerdalsfjellet.....</i>	<i>11</i>
<i>Tigardsknuten sør for Nodland</i>	<i>14</i>
<i>Anisdal.....</i>	<i>16</i>
<i>Herikstad</i>	<i>19</i>
<i>Rugland, vest.....</i>	<i>21</i>
<i>Rugland, aust</i>	<i>23</i>
<i>Tjelsenga.....</i>	<i>25</i>
3 KJELDER	28

1 FORORD

Dette er bare nye eller oppdaterte faktaark for kystlynghei utanfor Klepp kommune.

Sandnes
20. oktober 2014

Solbjørg Engen Torvik

2 FAKTAARK



Hattaskardet - Ognedalsåsen

Naturbase ID: NY

Ecofact ID: Eco14-101

Kommune: Bjerkreim

Registreringsdato: 22.09.2014

Areal: 2734 daa

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Kystlynghei (D07)

Utforming: Fattige fuktheier (D0708) og fattige tørrheier (D0713)

Verdi: A

Utvald naturtype: Nei

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik.

Områdeskildring

Innleiing:

Feltarbeid og områdeskildring er gjort i samband med revidering av gamle, og registrering av nye, kystlyngheier i Rogaland i 2013/2014 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er ikkje registrert i Naturbase frå før. Vurdering og verdisetjing av lokaliteten fylgjer forslag til nye faktaark for kystlynghei (Jordal, 02.06.2014).

Stad og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg aust for Bjerkreim sentrum og rett sør for Kløgtvedt. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og presisjonen er vurdert til å vere god (< 20 m). Berggrunnen består av Charnockitt til anortositt og noritt, stadvis omdanna (NGU). Lausmassedekket er tynn moreneavsetning med ein del bart fjell i dagen. Lokaliteten

ligg på grensa mellom boreonemoral og sørboreal vegetasjonssone, og i klart oseaenisk seksjon (BN/SB-O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:

Kystlynghei dekker eit relativt stort område med Brynnesvatnet nokså sentralt i lokaliteten. Vatnet delar lokaliteten mest i to, men det er likevel valt å inkludera vatnet i avgrensinga då kystlyngheia går heilt nedtil vatnet både i nord og sør. I den austlege delen av vatnet er det eit smalt parti med lynghei og det synest naturleg at området sjåast på som ein heilskap. Vegetasjonstypane i kystlyngheia varierer frå kalkfattig, lite tørkeutsett hei (*Fattige fuktheier*, D0708) til kalkfattig, tørkeutsett hei (*Fattige tørrheiar*, D0713). Fattige tørrheiar finst for eksempel i nord på Ognedalsåsen kor det er mykje røsslyng, og på nokre fleire av toppane lengre sør kor det i større grad var grashei. Innslaget av røsslyng er betydeleg i dei tørrare områda i heile lokaliteten. I lågareliggjande område, dalsøkk og helingar er det blåtopprike, fattige fuktheiar som dominerer. Desse er det meir av sør for Brynnesvatnet, men også i nordaust. Dei vanlege lyngartane finst i heile lokaliteten; røsslyng, klokkeling, blokkebær, blåbær og tyttebær. Graminidene er likevel dominerande i fuktheia med artar som blåtopp, bjønnskjegg, finnskjegg, kornstorr og gulaks. Av vanlege blomeplantar er rome den mest talrike, mens tepperot, blåklokke, blåknapp og rund soldogg er òg vanlege.

Artsmangfald:

Klokkesøte (VU) vekst i dei fleste delane av kystlyngheia, men i noko avgrensa omfang.

Bruk, tilstand og påverknad:

Området er i bruk som beite i dei fleste delar av heia. I søraustlegaste del av heia har det vore brent for nokre år sia. Her står det att daudt einerkjerr. Stadvis er det bjørkelier med tendensar til små skogholt. Noko gjengroingspreg av bjørk finst elles òg, men storparten av heia er open med lite gjengroing. Einer veks spreitt i heia, men utan at det gir eit betydeleg gjenvekstpreg. Nordvest for vatnet er det ein barskog med furu og gran som spreier seg. Kystlyngheia er redusert i storleik i høve til tidlegare tider då fleire område er gjort om til innmarksbeite og dyrka areal. I austleg ende av Brynnesvatnet går det føre seg felling av bjørk, drenering og graving i delar av eit myrareal.

Framande artar:

Sitkagran.

Skjøtsel og omsyn:

Sitkagran i lokaliteten bør nedkjempast, men det er ikkje eit stort problem. Bjørk og einer bør ryddast i fleire avgrensa område. For å oppretthalde frodig kystlynghei vil det vere ein stor fordel med noko meir beite samt lyngbrenning og som eit fast innslag.

Del av heilskapleg landskap:

Kystlyngheia representerer eit landskapet som var meir utbreidd i kystnære område tidlegare. Denne lokaliteten ligg på grensa til utbreiinga av kystlynghei i regionen. Saman med fleire store kystlyngheilokaliteter i nærleiken gjev det jordbrukslandskapet variasjon og større artsamangfald.

Verdisetjing:

Ut frå dei nye verdisetjingskriteria tilseier lokalitetens storleik ein verdisetjing som *svært viktig* (A). Lokaliteten oppnår middels vekt på tilstand og raudlisteartar. Bestandar av klokkesøte (VU) finst spreitt i heile lokaliteten. Det er lite gjengroing i store delar av lokaliteten, men ein del bjørkeskog gjer at hevdtilstanden ikkje kan gis høg vekt. Lokaliteten har svakt til middels beitetrykk, men med spor etter lyngbrenning i deler av lokaliteten.





Husafjellet

Naturbase ID: NY

Ecofact ID: Eco14-102

Kommune: Eigersund

Dato: 29.09.2014

Areal: 406,4 daa

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Kystlynghei (D07)

Utforming: Fattig fukthei (D0708)

Verdi: B

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Rune Søyland 29.09.2014

Områdeskildring

Innleiing:

Feltarbeid og områdeskildring er gjort i samband med revidering av gamle og registrering av nye kystlyngheiar i Rogaland i 2013/2014 av Ecofact ved Rune Søyland. Lokaliteten er ikkje registrert i Naturbase frå før. Vurdering og verdisetjing av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for kystlynghei (Jordal, 02.06.2014).

Stad og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg på Nodland i Heia, i Eigersund kommune, og omfattar opne heiareal rundt Husafjellet.. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og presisjonen er vurdert til å vere særskild god (< 20 m). På synfaringa vart den sørlege og austlege delen av lokaliteten undersøkt. Det meste av lokaliteten nordover var synleg frå toppen av Husafjellet, og vestsida i nordre del vart og vurdert frå avstand.

Avgrensinga er i stor grad sett mot parti der bjørkeskogen byrjar å bli dominerande, og i eit avgrensa parti i sør mot gjødselpåverka vegetasjon. Berggrunnen består i søre del av området av anortositt, og i nordre del av anortositt, leuconoritt og noritt med linser av noritt (NGU). Området har tynt lausmassedekke, og det er mykje fjell i dagen. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk seksjon (Sb-O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:

Vegetasjonen er typisk Fattig fukthei (D0708), der bjønnskjegg og rome i stor grad er dominerande. Elles er vegetasjonen prega av artar som blåtopp, einer, krypvier, røsslyng, klokkeling, stjernestorr, duskull og pors. Nokre få stader i sør har ein del finnskjegg, som kan tyde på lokalt hardt beite. Elles er blåknapp, tepperot og geitsvingel artar som kjem inn i tørrare parti.

Artsmangfald:

Klokkesøte (VU) vart funnen fåtaleg i søre delen, med mindre enn 10 registrerte planter. Elles kan nemnast at rypeber vart funnen, sjølv om området ikkje ligg spesielt høgt over havet.

Bruk, tilstand og påverknad:

Det var i søre delen spor etter storfebeiting, og søre- og sørvestleg del ser ut til å verte godt beita av både sau og storfe. Dei høgaste partia ser ut til å vere meir i attgroingsfase, med større spreiding av ung bjørk. Området har enno eit opent preg, men auka beitepress, rydding og brenning er naudsynt for å oppretthalde heile lokaliteten som kystlynghei. Daude småbjørker i høgare deler tyder på at det ikkje er veldig lenge sidan delar av heia vart brunnen, men det vart ikkje funnen spor etter nyare brenning. Inngrep og gjødselpåverknad finst berre i kantsona i søre delen, elles er det attgroing med bjørkeskog som trugar lokaliteten.

Framande artar:

Det vart ikkje funne framande artar.

Skjøtsel og omsyn:

Dersom heile lokaliteten skal oppretthaldast som kystlynghei, er det naudsynt med auka beitepress, rydding og brenning særleg i nordre og høgaste delar av området. Ein bør ikkje gjødsle eller gjere inngrep i lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap:

Landskapet på Nodland er prega av store areal med fattige fuktheiar, som ligg mellom meir intensivt drivne jordbruksareal og nokre stader plantefelt.

Verdisetjing:

Ut frå dei nye verdisetjingskriteria tilseier storleik og raudlisteartar, sjølv om klokkesøte berre vert funne i lite føremon, middels vekt. Ut frå tilstand, der attgroing med bjørk er eit problem i større delar av lokaliteten, tilseier det at lokaliteten bør få låg vekt. Basert på at det vart funnen klokkesøte i lokaliteten, og at det framleis er mogleg å restaurere større delar av området, vert det gitt verdi viktig.





Kjerdalsfjellet

Naturbase ID: NY

Ecofact ID: Eco14-103

Kommune: Eigersund

Dato: 29.09.2014

Areal: 743,2 daa

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Kystlynghei (D07)

Utforming: Fattig fukthei (D0708)

Verdi: B

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Rune Søyland 29.09.2014

Områdeskildring

Innleiing:

Feltarbeid og områdeskildring er gjort i samband med revidering av gamle og registrering av nye kystlyngheiar i Rogaland i 2013/2014 av Ecofact ved Rune Søyland. Lokaliteten er ikkje registrert i Naturbase frå før. Vurdering og verdisetjing av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for kystlynghei (Jordal, 02.06.2014).

Stad og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg på Nodland i Heia, i Eigersund kommune, og omfattar opne heiareal rundt Kjerdalsfjellet. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og presisjonen er vurdert til å vere god (< 20 m). Den sørlegaste delen vart ikkje undersøkt ved feltarbeidet, men planta skog og bjørkeskog i lågareliggjande deler syner godt på

ortofoto her. I nordaust og aust er avgrensinga til dels sett mot vegetasjon som er gjødselpåverka langs med veg, elles er avgrensinga i stor grad sett mot lågareliggjande randsoner med bjørkeskog. Berggrunnen består i nordre del av området av anortositt, og i sørlege del av anortositt, leuconoritt og noritt med linser av noritt (NGU). Området har tynt lausmassedekke, og det er mykje fjell i dagen. Eit felt med bjørkeskog er utelate frå avgrensinga i austre del. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk seksjon (Sb-O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:

Vegetasjonen er typisk Fattig fukthei (D0708), som vekslar mellom å vere dominert av bjønnskjegg og blåtopp. Fattige, grunnlendte myrar finst spreidd i delar av område. Mindre delar av hardt beita og tørrare felt har innslag av finnskjegg, følblom, tepperot og blåknapp, men areal med tydeleg naturbeitemark vart ikkje funne. Røsslyng og klokkeling er vanlige i heile område, men parti med fattige tørrheiar blei ikkje funne. Dei fuktigaste partia har mykje pors, duskull, bjønnskjegg, rome og stjernestorr, medan krypvier finst spreidd. Heisiv, geitsvingel, flekkmariland og lusegras vart elles notert flekkvis. Klokkesøte vart funnen spreitt i området, men ikkje spesielt talkrikt. Små tjern i dei høgaste delane har kantar med flaskestorr og elvesnelle.

Artsmangfald:

Klokkesøte (VU) vekst spreidd i lokaliteten, men i avgrensa omfang.

Bruk, tilstand og påverknad:

Området ser ut til å vere beita både med storfe og sau. Store deler av området er blitt brent dei siste åra, og vegetasjonen er i stor grad i god hevd. Det er likevel delar av område som er prega av ein del yngre bjørkeskog, noko rogn og spreitt med furutre. Parti dominert av einer og grov røsslyng finst og spreitt. Høgtliggjande og lite tilgjengelege delar ser ut til å vere mindre beita enn lågtliggjande kantsoner. Kantar som er tydeleg påverka av blautgjødsel er utelatne frå avgrensinga. Nokre stader er det mykje trakk etter storfe, men beitepresset verkar ikkje å vere for stort.

Framande artar:

Buskfuru vart funnen midt oppe på heia. Det kan vere spreitt gran frå plantefelt i søre delen, men dette området vart ikkje undersøkt.

Skjøtsel og omsyn:

Framhald i beitepress med både storfe og sau er viktig, og lyngbrenning etter behov for å forynge vegetasjonen. Framande artar som buskfuru, og eventuelt gran, bør fjernast frå området. Parti med yngre lauvoppslag bør fjernast manuelt. Det bør ikkje gjødselast eller gjerast inngrep i lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap:

Landskapet på Nodland er prega av store areal med fattige fuktheiar, som ligg mellom meir intensivt drivne jordbruksareal og nokre stader plantefelt.

Verdisetjing:

Ut frå dei nye verdisetjingskriteria tilseier både storleik av lokaliteten, tilstand og raudlisteartar i området verdisetjing som viktig (B). Med bestandar av klokkesøte (VU) vil lokaliteten kunne oppnå verdi svært viktig om hevdtilstanden betrast.





Aust for Kjerdalsfjellet

Naturbase ID: NY

Ecofact ID: Eco14-104

Kommune: Eigersund

Dato: 29.09.2014

Areal: 194,5 daa

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Kystlynghei (D07)

Utforming: Fattig fukthei (D0708)

Verdi: B

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Rune Søyland 29.09.2014

Områdeskildring

Innleiing:

Feltarbeid og områdeskildring er gjort i samband med revidering av gamle og registrering av nye kystlyngheiar i Rogaland i 2013/2014 av Ecofact ved Rune Søyland. Lokaliteten er ikkje registrert i Naturbase frå før. Vurdering og verdisetjing av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for kystlynghei (Jordal, 02.06.2014).

Stad og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg på Nodland i Heia, i Eigersund kommune. Lokaliteten er skild ut som eigen lokalitet frå det noko større kystlyngheiområdet rundt Tigardsknuten, sidan området er skild ved eit belte av gjødselpåverka vegetasjon. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og presisjonen er vurdert til å vere god (< 20 m).

Avgrensinga er i stor grad sett mot tydeleg gjødselpåverka vegetasjon, både i vest langs veg, og i aust langs felt der det både er gjødsla, sprøyta og vert drive noko anleggsarbeid. Berggrunnen består av anortositt, leuconoritt og noritt med linser av noritt (NGU). Lokaliteten ligg litt lågare enn tilgrensande kystlyngheiområde, og har noko mindre fjell i dagen enn desse. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk seksjon (Sb-O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:

Kystlynghei av fattig fukthei. Det er to myrar i lokaliteten, men dette er grunnlendte fattigmyrar som ikkje bør skiljast ut som eigne lokalitetar. Dei fleste av fukthei-artane finn ein og att i myrene, som har parti med litt torvmose. Det er nokre bjørkeholt og spreitt med enkelttre av bjørk og furu, og nokre einarar, men i hovudsak er det open kystlyngheivegetasjon. Artsinventaret er typisk, med blåtopp, bjønnskjegg, klokkelyg, rome, røsslyng, pors, tepperot, bjønnekam, blåknapp, einstape, finnskjegg og krypvier. I myrane blei det og funne flekkmarihand, myrfiol og ein del lyssiv. Klokkesøte vart elles funne spreitt i lokaliteten, nokre stader ganske talrikt.

Artsmangfald:

Klokkesøte (VU) vart funnen ganske talrikt i fuktheivegetasjon i området, men nokre stader og i myr. Arten vart særleg funnen på stader som var godt nedbeita og med ein del trakk, her var det og mange unge planter utan blom.

Bruk, tilstand og påverknad:

Området er beita både med storfe og sau, og det ser ut til å vere passande beitepress i det meste av området. Unntak for dette er i austre delar, som ligg aust for steingard. Dette er restareal av kystlynghei som ligg mot gjødselpåverka felt i aust, og som ser ut til å vere lite beita. Det er ferske spor etter brenning i området, og lyngbrenning inngår truleg som ein fast del av skjøtselen av området. Lokaliteten vert elles kryssa av ei større kraftline, og er påverka av gjødsling i dei fleste tilgrensande kantsonene.

Framande artar:

Det vart ikkje registrert framande artar.

Skjøtsel og omsyn:

Beitepresset bør oppretthaldast som i dag, og lyngbrenning bør og vidareførast. Det står ein del daude einarar som med fordel kan fjernast, og det bør elles ryddast noko bjørk og furu. Det er mindre delar som er lite beita, restareal på austsida av steingard, og delvis myr i nordre delen. Brenning av desse felta vil styre dyra til å beite meir her. Det må elles ikkje gjødslast meir innanfor avgrensinga, og inngrep må unngåast.

Del av heilskapleg landskap:

Landskapet på Nodland er prega av store areal med fattige fuktheiar, som ligg mellom meir intensivt drivne jordbruksareal.

Verdisetjing:

Ut frå dei nye verdisetjingskriteria tilseier både storleik og god bestand av raudlistearten klokkesøte middels vekt. Hevdtilstanden elles er god med tanke på store delar av feltvegetasjonen, sjølv om delar er lite beita og ikkje er brent nyleg. Det står likevel så mykje bjørk, i tillegg til at randsoner har ein del gjødselverknad, at tilstanden kjem inn under låg vekt. Basert på god bestand av raudlistearten klokkesøte får lokaliteten verdi viktig.



Tigardsknuten sør for Nodland

Naturbase ID: BN00044628

Ecofact ID: Eco14-105

Kommune: Eigersund

Dato: 29.09.2014

Areal: 465,9 daa

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Kystlynghei (D07)

Utforming: Fattig fukthei (D0708)

Verdi: B

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Rune Søyland 29.09.2014. Jordal, J.B. 2008. *Supplerande kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2006*. Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavd, 1-156.

Områdeskildring

Innleiing:

Lokaliteten vart fyrste gong avgrensa og skildra av John Bjarne Jordal i januar 2007. I samband med revidering av gamle og registrering av nye kystlyngheiar i Rogaland i 2013/2014 av Ecofact, er vestre delen av opphaveleg avgrensing undersøkt av Rune Søyland 29.09.2014. Vurdering og verdisetjing av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for kystlynghei (Jordal, 02.06.2014). Ny lokalitetsskildring og avgrensing er gjort av Rune Søyland i oktober 2014. I 2006 vart området undersøkt i nærområda langs vegen mellom Nodland i heia og Vind-Birkeland. På grunn av eit belte med gjødselpåverka vegetasjon er vestre del av opphaveleg avgrensing skild ut som eigen lokalitet. Den største og austlege delen er oppretthalden med opphavleg NaturbaseID. Verdien er justert ned for lokaliteten, sidan raudlistearten klokkesøte har fått endra raudlistekategori, og sidan lokaliteten er noko påverka av gjødsling og andre negative inngrep.

Stad og naturgrunnlag:

Lokaliteten er eit heiområde mellom Nodland i heia og Vind-Birkeland, i austre del av Eigersund kommune. Lokaliteten er ein del av vidstrekte heiområde i denne delen av Rogaland. I opphavleg skildring er det ikkje skrive noko av avgrensing. Justert avgrensing i oktober 2014 er basert på synfaring i vestre del av lokaliteten, i kombinasjon med ortofoto. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (Sb-O2). Berggrunnen består i nordre del av området av anortositt, og i sørleg del av anortositt, leuconoritt og noritt med linser av noritt (NGU). Området har tynt lausmassedekke, og det er mykje fjell i dagen.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:

Området er dominert av fattig fukthei (D0708) med blåtopp, elles pors og rome m.m.

Artsmangfald:

I områda som vart vitja i 2006 (austre del) vart det funne bestandar av klokkesøte. Denne arten vart og funne i godt føremon i velskjøtta område i vest, som no er skild ut som eigen lokalitet. Av andre artar kan nemnast klokkeløng, knegras, kornstorr og pors.

Bruk, tilstand og påverknad:

Beitetrykket vart i 2006 oppgitt til å vere godt til middels. Kantsoner og til dels felt meir sentralt i lokaliteten vart funne å vere påverka av gjødsling, sprøyting og vegbygging i 2014, og lokalitetsavgrensinga er derfor vesentleg endra. Området vert skjøtta med brenning, og med godt beitetrykk må området seiast å vere i god hevd. Ny avgrensing inneheld likevel felt som er noko gjødselpåverka. Det er elles stadvis noko attgroing med bjørk.

Framande artar:

Det er ikkje tatt med framande artar i opphavleg skildring, og slike vart ikkje funne i områda som blei undersøkt i vestre del i 2014. Tilgrensande heiområde hadde fåtalege, frøspredde tre av buskfuru og gran.

Skjøtsel og omsyn:

Lokaliteten bør beitast minst like mykje som i dag. Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep. Framhald i lyngbrenning er viktig, særleg om beitepresset ikkje er høgt nok i alle delar av lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap:

Området kan også seiast å tilhøyra "Kystlyngheier som inngår i større "helhetlige kulturlandskap"" i sentrale heiområde i Sør-Rogaland.

Verdisetjing:

Ut frå dei nye verdisetjingskriteria tilseier både storleik av lokaliteten, tilstand og raudlisteartar i området verdisetjing som viktig (B). Med bestandar av klokkesøte (VU) vil lokaliteten kunne oppnå verdi svært viktig om hevdtilstanden betrast. Ein del gjødselpåverknad og parti med ein del bjørkeskog gjer at hevdtilstanden ikkje kan gis høg vekt.



Anisdal

Naturbase ID: BN00008579

Ecofact ID: Eco14-106

Kommune: Hå

Registreringsdato: 30.09.2014

Areal: 335 daa

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Kystlynghei (D07)

Utforming: Fattig fukteng (D0708)

Verdi: B

Utvald naturtype: Nei

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik. Naturbase.

Stadkvalitet: Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og vurdert å vere sær god (< 20 m).

Områdeskildring

Innleiing:

Feltarbeid og områdeskildring er gjort i samband med revidering av gamle og registrering av nye kystlyngheiar i Rogaland i 2013/2014 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase. Vurdering og verdisetjing av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for kystlynghei (Jordal, 02.06.2014).

Stad og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg ved Korphaugane nord for Rugland. Berggrunnen består av Diorittisk til granittisk gneis, migmatitt (NGU). Lausmassane er ein mosaikk av morenemateriale med stadvis stor mektighet og noko meir torv og myr i nord. Terrenget er prega av haug-

og ryggformar med vekslande orientering. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (BN-O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:

Lokaliteten er hovudsaklig homogen *Fattig fukthei* (D0708) i hellande terreng. Vandaåna renn gjennom lokaliteten og dannar mindre tjern. Kystlyngheia er av kalkfattig, lite tørkeutsett hei. Dei fuktigaste partia har mykje pors, duskull, bjønnskjegg, rome og stjernestorr. Klokkesøte vart funne i eit avgrensa område, og var ikkje vanleg i lokaliteten. Langs kantane på åa og tjernet lengst sør i lokaliteten veks takrøyr, flaskestorr og elvesnelle. Av andre karakterartar kan nemnast bjønnskjegg, blåtopp, klokkel yng, røsslyng, pors, rome, myrfiol, tepperot, geitsvingel, finnskjegg, blåknapp, krypveier, stjernestorr og kornstorr. I fuktige område finst duskmyrull. Klokkesøte og blodtopp veks sparsamt i lokaliteten. I tørrare område opp mot dei gjødsla ryggane er det krekling, hengeveng, skogburkne, broddtelg englodnegras, geitsvingel og finnskjegg. Det vart berre registrert lite kravfulle artar.

Artsmangfald:

Klokkesøte (VU) vart registrert med fleire individ, men i eit svært avgrensa område.

Bruk, tilstand og påverknad:

Lokaliteten beites i nokon grad. På nokre av moreneryggene vert det gjødsla og vegetasjonen her ber tydelig preg av dette. Desse areala er tatt ut av naturtypeavgrensinga. Lokaliteten har lite gjødselpreg i sentrale delar av naturtypen.

Framande artar:

Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:

Det bør oppretthaldast eit visst beite. Det er særleg viktig at området ikkje vert drenert, gjødsla eller påverka av gjødsling frå nærliggande areal.

Del av heilskapleg landskap:

Lokaliteten ligg i overgangen mellom store kystlyngheiområde som det òg grensar til, og intensive jordbruksområde. Den vert derfor er ein restlokalitet av meir artsrik natur i eit intensivt jordbrukslandskap og representerer ei landskap som var utbreidd i regionen tidlegare. Saman med andre viktige naturtypar i nærleiken gjev det jordbrukslandskapet variasjon og større artsamangfald.

Verdisetjing:

Ut frå dei nye verdisetjingskriteria tilseier både storleik av lokaliteten, ein raudlisteart i kategori VU og tilstanden i området middels vekt og verdsetjast derfor som *viktig* (B). Lokaliteten har middels god tilstand med open mark utan gjengroing og liten påverknad av framande artar.





Herikstad

Naturbase ID: BN00008576

Ecofact ID: Eco14-107

Kommune: Hå

Registreringsdato: 30.09.2014

Areal: 274 daa

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Kystlynghei (D07)

Utforming: Fattig fukteng (D0708)

Verdi: B

Utvald naturtype: Nei

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik. Naturbase.

Stadkvalitet: Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere sær god (< 20 m).

Områdeskildring

Innleiing:

Feltarbeid og områdeskildring er gjort i samband med revidering av gamle og registrering av nye kystlyngheiar i Rogaland i 2013/2014 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase. Vurdering og verdisetjing av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for kystlynghei (Jordal, 02.06.2014).

Stad og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg ved Korphaugane nord for Rugland. Berggrunnen består av Diorittisk til granittisk gneis, migmatitt (NGU). Lausmassar er ein mosaikk av morenemateriale

med stadvis stor mektighet og noko meir torv og myr i nord. Terrenget er prega av haug- og ryggformar med vekslande orientering. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (BN-O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:

Lokaliteten er hovudsaklig homogen *Fattig fukthei* (D0708) i hellande terreng. Vandaåna renn gjennom lokaliteten. Kystlyngheia er av kalkfattig, lite tørkeutsett hei med stor blåtoppdominans. Fattige, grunnlendte myrar finst spreitt i delar av område. Små tjern i tilknytning til åa har kantar med takrøyr, flaskestorr og elvesnelle. Av andre karakterartar kan nemnast klokkelyng, røsslyng, pors, myrfiol, tepperot, gullris, hengeveng, geitsvingel, bjønnskjegg, finnskjegg, blåknapp, rome, stjernestorr og kornstorr. I særleg fuktige område veks kvitbladlyng og tranebær, medan det i tørrare område er blåbær, tyttebær, krypvier og mjuk kråkefot. Det vart berre registrert lite kravfulle artar.

Artsmangfald:

Ingen raudlisteartar vart registrert.

Bruk, tilstand og påverknad:

Lokaliteten beites i liten grad, men mest lengst sør. Lokaliteten har litt gjødselpreg i nokre område, mest i sør, langs kantane og eit parti ved elva. Det går ein jordbruksveg inn i lokaliteten til ei fulldyrka mark.

Framande artar:

Svært få mindre sitkagranter finst.

Skjøtsel og omsyn:

Det bør oppretthaldast eit visst beite. Det er særleg viktig at området ikkje vert drenert, gjødsla eller påverka av gjødsling frå nærliggande areal.

Del av heilskapleg landskap:

Kystlyngheia er ein restlokalitet av meir artsrik natur i eit intensivt jordbrukslandskap og representerer det landskapet som var utbreidd i regionen tidlegare. Saman med andre naturtypar i nærleiken gjev det jordbrukslandskapet variasjon og større artsomangfald.

Verdisetjing:

Ut frå dei nye verdisetjingskriteria tilseier storleik av lokaliteten og tilstand i området middels vekt og verdsetjas som *viktig* (B). Lokaliteten har middels god tilstand med open mark utan gjengroing og liten påverknad av framande artar og inngrep.



Rugland, vest

Naturbase ID: BN00008583

Ecofact ID: Eco14-108

Kommune: Hå

Registreringsdato: 30.09.2014

Areal: 90 daa

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Kystlynghei (D07)

Utforming: Fattig fukteng (D0708)

Verdi: B

Utvald naturtype: Nei

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik. Naturbase.

Stadkvalitet: Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere sær sars god (< 20 m).

Områdeskildring

Innleiing:

Feltarbeid og områdeskildring er gjort i samband med revidering av gamle og registrering av nye kystlyngheiar i Rogaland i 2013/2014 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase. Opphavelleg avgrensing er delt i to ulike naturtypar. Vurdering og verdisetjing av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for kystlynghei (Jordal, 02.06.2014).

Stad og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg ved Korphaugane nord for Rugland. Berggrunnen består av Diorittisk til granittisk gneis, migmatitt (NGU). Lausmassane er i særleg del morenemateriale med stadvis stor mektighet. I nord er det noko torv og myr. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (BN-O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:

Lokaliteten har ein svært homogen utforming av *Fattig fukthei* (D0708) i hellande terreng. Kystlyngheia er av kalkfattig, lite tørkeutsett hei med stor blåtoppdominans. Av andre karakterartar kan nemnast klokkeløng, pors, myrflol, tepperot, geitsvingel, bjønnskjegg, finnskjegg, røssløng, blåknapp, rome, stjernestorr og kornstorr. Det vart berre registrert lite kravfulle artar.

Artsmangfald:

Ingen raudlisteartar vart registrert. Blodtopp er likevel ein interessant art som kan ha den raudlista blodtoppraktvikler (nattsommarfugl mikro) knytt til seg.

Bruk, tilstand og påverknad:

Lokaliteten beites i liten grad og det hadde ikkje vorte beita i 2014, men lokaliteten er heilt open mark utan gjengroing, berre med nokre få små enkelttre av sitkagran. Lokaliteten har ingen gjødselpreg. Det går ein jordbruksveg langs den austlege kanten eit stykke.

Framande artar:

Svært få mindre sitkagrantre finst.

Skjøtsel og omsyn:

Det bør oppretthaldast eit visst beite. Det er særleg viktig at området ikkje vert drenert, gjødsla eller påverka av gjødsling frå nærliggande areal.

Del av heilskapleg landskap:

Kystlyngheia er ein restlokalitet av meir artsrik natur i eit intensivt jordbrukslandskap og representerer det landskapet som var utbreidd i regionen tidlegare. Saman med andre naturtypar i nærleiken gjev det jordbrukslandskapet variasjon og større artsamangfald.

Verdisetjing:

Ut frå dei nye verdisetjingskriteria får lokaliteten verdi *viktig* (B) fordi den har middels vekt på tilstand med open mark utan gjengroing, ingen gjødsling og liten påverknad av framande artar. Lokaliteten når nesten opp til middels verdi for storleik. Stor førekomst av blodtopp kan gje potensial for ein raudlista art.



Rugland, aust

Naturbase ID: NY

Ecofact ID: Eco14-109

Kommune: Hå

Registreringsdato: 30.09.2014

Areal: 102 daa

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Naturbeitemark (D04)

Utforming: Beitevåteng (D0432)

Verdi: C

Utvald naturtype: Nei

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik. Naturbase.

Stadkvalitet: Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere særst god (< 20 m).

Områdeskildring

Innleiing:

Feltarbeid og områdeskildring er gjort i samband med revidering av gamle og registrering av nye kystlyngheiar i Rogaland i 2013/2014 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase. Opphavsleg avgrensing er delt i to ulike naturtypar. Vurdering og verdisetjing av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for kystlynghei (Jordal, 02.06.2014).

Stad og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg i SV hellande terreng ved Korphaugane nord for Rugland. Berggrunnen består av Diorittisk til granittisk gneis, migmatitt (NGU). Lausmassane er i særleg del morenemateriale med stadvis stor mektighet. Mot nord er det vekslende myr og morenemateriale som dannar haug- og ryggformar med varierende orientering. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseaanisk seksjon, humid underseksjon (BN-O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:

Lokaliteten ligg i eit beiteområde som vekslar mellom fuktige område i forseinkingane og tørrare område på ryggane. Dei tørre områda er noko gjødselpåverka og klassifiserer

til innmarksbeite. Opp mot dei tørrare ryggane dominerer finnskjegg og engkvein. Den store førekomsten av finnskjegg tyder på at områda ikkje er veldig hardt gjødsla, men dei mest gjødselprega områda er utelatt frå naturtypen. Vegetasjonsutforminga er sett til *Beitevåteng* (D0432). Fuktområda er kalkfattige, men det finst innslag av litt krevjande artar som myrsaulauk, myrstjernemose *Campylium stellatum*, stormakkmose *Scorpidium scorpioides* og rødmakkmose *S. revolvens*. Elles er rome, duskull, pors, klokkelyng, myrfiol, stjernestorr, kornstorr og krypsiv og paddesiv vanlege. Harerug er også funne. Av andre artar kan nemnast tepperot, følblom, engsoleie, kystmaure, geitsvingel, engrapp og kvitkløver. Det vart funne kjeglevokssopp som er ein beitemarksopp og ein jordtungesopp. Det vert vurdert å vere eit visst potensial for fleir artar beitemarksopp.

Artsmangfald:

Ingen raudlisteartar vart registrert, men jordtunga vart ikkje artsbestemt.

Bruk, tilstand og påverknad:

Lokaliteten beites av sau og har passe beitepress. Det er ingen gjengroing i lokaliteten. Lokaliteten er noko gjødselpåverka frå ryggane som gjødsles, men gjødselpreget er likevel avgrensa.

Framande artar:

Eit einsleg lite tre av sitkagran.

Skjøtsel og omsyn:

Beite må oppretthaldast. Det er viktig at området ikkje vert gjødsla og at påverknaden av gjødsling frå nærliggande areal vert redusert.

Del av heilskapleg landskap:

Det ligg fleire kulturmarks-naturtypar i nærleiken og lokaliteten grensar til ei kystlynghei. Dette aukar verdien til området ved at det gjev det intensive jordbrukslandskapet variasjon og større artsmangfald.

Verdisetjing:

Ut frå dei nye verdisetjingskriteria får lokaliteten verdi *lokalt viktig* (C). Lokalitet får lav vekt på artsmangfald, raudlisteartar og tilstand. Det er noko gjødselpåverknad grunna gjødsling av moreneryggane. Lokaliteten har likevel god hevd og er utan teikn til gjengroing. Lokaliteten har liten påverknad av tekniske inngrep og ingen framande artar.



Kjeglevokssopp



Tjelmsenga

Naturbase ID: BN00008512

Ecofact ID: Eco14-110

Kommune: Hå

Registreringsdato: 30.09.2014

Areal: 247 daa

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Kystlynghei (D07)

Utforming: Mosaikk av fattig fukteng (D0708) 60 % og fattig tørrhei (D0713) 40%

Verdi: C

Utvald naturtype: Nei

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik. Naturbase.

Stadkvalitet: Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere særst god (< 20 m).

Områdeskildring

Innleiing:

Feltarbeid og områdeskildring er gjort i samband med revidering av gamle og registrering av nye kystlyngheiar i Rogaland i 2013/2014 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase. Opphøveleg avgrensing er sterkt redusert grunna gjødsling *. Vurdering og verdisetjing av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for kystlynghei (Jordal, 02.06.2014).

Stad og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg i sørleg del av Høg-Jæren med Steinvassåna som renn gjennom lokaliteten. Berggrunnen består av Diorittisk til granittisk gneis, migmatitt (NGU).

Lausmassane er avsettingsmorenar med delvis sortert morenemateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (BN-O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:

Lokaliteten er prega av tørre ryggar og fuktige forseinkingar med vekslende orientering. I dei fuktige forseinkingane er det kalkfattig, lite tørkeutsett hei (*Fattig fukteng*, D0708) med duskmyrull, flaskestorr, kornstorr, klokkelyng, blokkebær, pors og rome. Det er berre registrert lite kravfulle artar. På dei meir tørkeutsette ryggane finst meir grasdominert vegetasjon med finnskjegg, smyle, blåtopp, blokkebær og litt røsslyng og desse areala førast dermed til fattige tørrheiar (D0713).

Artsmangfald:

Ingen raudlisteartar vart registrert.

Bruk, tilstand og påverknad:

Høg-Jæren Energipark går gjennom lokaliteten med veg og to turbinpunkt. Lokaliteten beites i liten grad. Litt gjødselpåverknad kan førekomma sør for vegen og sør for bekken.

Framande artar:

Svært få små sitkagran finst.

Skjøtsel og omsyn:

Beite bør oppretthaldast, men ikkje i like stor grad som det no er i den sørlege delen av gamal avgrensing. Det er særleg viktig at området ikkje vert gjødsla eller vert påverka av gjødsling frå nærliggande areal.

Del av heilskapleg landskap:

Kystlyngheia er ein restlokalitet av meir artsrik natur i eit intensivt jordbrukslandskap og representerer det landskapet som var utbreidd i regionen tidlegare. Saman med andre naturtypar i nærleiken gjev det jordbrukslandskapet variasjon og større artsomangfald.

Verdisetjing:

Ut frå dei nye verdisetjingskriteria får lokaliteten middels vekt på parameterane storleik og tilstand. Lokaliteten får verdi *lokalt viktig* (C) fordi den er har preg av gjødsling og inngrep som har redusert lokaliteten. Det er tilnærma ingen gjengroing og svært lite framande artar. Lokaliteten er også negativt prega av vindkraftverket som går tvers gjennom lokaliteten og er sterkt til stades i omgjevnadane.

- o - o - o - o -

* Kommentar: Dei austlege delane av opphavleg naturtype bør vurderast lagt inn under eksisterande naturtype BN00008516 Myrvoll, *Intakte lavlandsmyrer*.



3 KJELDER

I tillegg til kjeldelista er det nytta ei rekke identifikasjonsbøker og nettstader i samband med artsbestemming.

Artskart 2010. Karttjeneste fra Artsdatabanken (<http://artskart.artsdatabanken.no/>)

DN - Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper - Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13, 2. utgave 2006 (oppdatert nettutgåve 2007). (<http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner-fra-DirNat/DN-handboker/Kartlegging-av-naturtyper---verdisetting-av-biologisk-mangfold/>)

DN - Direktoratet for naturforvaltning 2010. Naturbase. <http://www.naturbase.no> eller (<http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/>)

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Fremstad, E. & Moen, A. (red.) 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. NTNU rapport botanisk serie 2001-4, 231 s.

Gederaas, L., Salvesen, I & Viken, Å. (red.) 2007. Norsk svarteliste 2007 - økologiske risikovurderinger av fremmede arter. Artsdatabanken, Trondheim.

Kålås, J. A., Viken, Å., Henriksen, S. & Skjelsest, S. (red.) 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norway. (<http://www.artsportalen.artsdatabanken.no/>)

Lid, J. & Lid, D. T. 2005. Norsk flora. 7. utgåve ved Reidar Elven. Det Norske Samlaget, Oslo. 1230 s.

Lindgaard, A. og Henriksen, S. (red.) 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim. (<http://www.artsportalen.artsdatabanken.no/#/RodlisteNaturtyper/Vurderinger/>)

Moen, A. 1998. Vegetasjon. Nasjonalatlas for Norge. Statens kartverk, Hønefoss.